



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 26. november 2025

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Bjørn Harald Nybø og Inger Cecilie Fitje.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå 15. oktober.

Meldingssaker:

15/25 Sidan sist

Gudsteneste 26. oktober: Helgemesse. Ca. 25 frammøtte.

Vi skal snakke om vi kan endre dette opplegget til neste år for å sjå om det kjem fleire.

Fredagstaco 24. oktober: Veldig kjekk kveld med gode tilbakemeldingar, og dette er noko vi har lyst å halde fram med. Ca. 40 kom for taco, samlingstund og kaffi/kaker.

Mat og Prat 29. oktober: Ungdommar frå Lavik snakka med Geir Sørebo om livet, trua og tvilen etter kvelds. 36 frammøtte.

Myldresamling 19. november: Samlingstund og kvelds saman til slutt. 9 born kom (også nokon som ikkje har vore der før), og det vart ein fin kveld.

Trusopplæringsstillinga: Stillinga er lyst ut.

16/25 Nytt frå Fellesrådet

Bjørn-Harald orienterer. Protokoll ligg på nett.

Vedtakssaker:

15/25 Gudstenesteplan vinter/vår 2026

Lysmesse: Ingen takkoffer. Konfirmantar ønsker velkommen i døra.

Familiegudsteneste julaften: Toril og Maria og Katrin lagar eit opplegg.

Lys Vaken gudsteneste: Eldrun er kyrkjevert. Toril og Katrin lagar opplegget elles.

Gudsteneste 15. februar: På neste møte.

Gudsteneste 8. mars: På neste møte.

Høgtidsgudsteneste 5. april: På neste møte.

Gudsteneste 26. april: På neste møte.

Konfirmasjonsgudsteneste 14. mai: På neste møte.

31. mai, Alværastemne: På neste møte.

Friluftsgudsteneste: På neste møte.

16/25 Aktivitetar vinter/vår 2026

Lysmesse første søndag i advent: Det blir øving i kyrkja saman med Toril 27.nov, og det er ein god del ungdom som har sagt at dei vil vere med å bidra.

Ein går samla frå julegrantenninga i Lavik mot kyrkja når den er ferdig.

Salmekveld 4. desember: Torunn har snakka med medlemmar av Fjordbrass, og der er det 12-13 stk. som kan vere med å spele. Planen er å køyre eit opplegg tilsvarande for 2 år sidan. Inger-Cecilie kjem.

Toril bestiller marsipankake og tek med pepperkaker og kaffi/saft.

Myldresamling: 10. desember. Torill lagar graut og tek med som ein erstattar for brødmat sidan det vert juletema.

Familiegudsteneste på julaften: Maria tek ansvar for julespelet. Resten av opplegget her går litt av seg sjølv.

Lys Vaken 17.-18. januar: Opplegget er å møtes på ettermiddagen i kyrkja, ete kvelds saman, sjå film, synge og kveldsbøn før ein overnattar til søndagen. Søndag blir det ei enkel

gudsteneste (som Katrin og Toril lagar til). Maria og Toril skal lage til eit opplegg til laurdagen. Bjørn Harald er nattevakt og Toril skal høyre om Terje også vil vere nattevakt.

Mat og Prat: Ein onsdag eller torsdag i februar etter Fjordbrass har vore på NM. Regine skal finne ein som kan verte intervjuet. Toril skal høyre med Geir når det passar for han.

Gudsteneste 15. februar: På neste møte.

Fredagstaco: 27. februar på Alværa. Vi tenker at vi vil invitere sørsida.

Gudsteneste 8. mars: På neste møte.

Påskeopplegg palmehelga søndag 29.mars: Natursti (Regine lagar til), kanskje ein formingsaktivitet og nokre songar enten innandørs eller utandørs.

Årsfest 25. mars: På neste møte.

Konfirmasjonsgudsteneste 14. mai: På neste møte.

17/25 Val

Leiar: Toril Lange

Skrivar: Regine Borlaug Pettersen

Neste soknerådsmøte: 28. januar 2025 klokka 17.00.